

På veg mot ei ny dansk maktutgreing; makt, hierarki og ulikskap i ein egalitær kontekst

Den nye magtudredning

Maktutgreingar har vore noko av eit sær-skandinavisk fenomen, med eigne utgreingar i både Noreg (1972-82 og 1997-2003), Sverige (1985-1990) og Danmark (1997-2003).¹ I alle desse prosjekta har koplinga mellom makt og demokrati stått sentralt. Korleis er vilkåra for demokratiet? På kva måtar vert demokratiet og demokratisk deltaking utfordra av t.d. asymmetriske maktrelasjonar, institusjonelle endringar, ny teknologi og globalisering? Kva er tilstanden for demokratiet i dag? Hovudfokuset i alle desse utgreiingane kan derfor seiast å ha vore på vilkåra for utøvinga av politisk makt.

Dei teoretiske innfallsvinklane har variert sterkt. Medan leiaren for den første norske maktutgreinga, Gudmund Hernes, dro vekslar på Richard M. Emerson si drøfting av «Power-Dependence Relations» (Emerson, 1962) og James C. Coleman sin mikro-økonomisk inspirerte rasjonelle val-teori (sjå t.d. Coleman, 1990), har ingen av dei seinare utgreiingane hatt som målsetjing å gjennomføre ein maktanalyse utfrå eitt bestemt, einskapleg teoretisk, metodologisk eller epistemologisk rammeverk. Sagt litt annleis, har målsetjinga om ein «unity of social science», slik den td. kjem til uttrykk i den britiske sosiologen John H. Goldthorpe si reduksjonistiske drøfting av sosiologi som ein populasjonsvitenskap (Goldthorpe, 2016), med unntak for den første norske utgreinga ikkje vore dominerande blant skandinaviske maktforskarar. Det har utgreiingane tent på. For som både Lukes si klassiske drøfting (Lukes, 2005 [1974]) og artikkelane i dette nummeret viser, er 'makt' eit omgrep som spenner vidt. Ein-dimensjonale analysar og maktmodellar vil av opplagde årsaker måtte bli mangelfulle.

At det nettopp er i Skandinavia at Makt- og demokratiutgreiingane har vore gjennomførte, kan i første omgang kanskje synast paradoksalt. For medan makt-omgrepet impliserer både ulikskap og hierarki, er det heilt klart dei egalitære samfunnspersepsjonane som har dominert, og som framleis dominerer, både i Danmark og i Noreg. Kun i Sverige finn ein eit fleirtal som oppfattar samfunnet som klart hierarkisk organisert og strukturert (sjå td. Hjellbrekke og Korsnes, 2012). Spør ein i tillegg skandinavar om korleis samfunnet *bør* vere, er det kun eit lite mindretal i alle dei tre landa som vil foretrekke ein samfunnsmodell der ulikskapen er omfattande. Ein samfunnsmodell der makta er konsentrert på eit fåtal hender får følgjeleg svært liten støtte. Omfanget av ulikskap bør vere lite – og makta spreidd (Tabell 1).

JOHS. HJELLBREKKE

Professor, Sosiologisk institutt,
Universitetet i Bergen,
johs.hjellbrekke@uib.no

Tabell 1: Skandinaviske samfunnspersepsjonar, 2019. ISSP Social Inequality V.

Type samfunn mitt land er/Type samfunn mitt land bør vere	Type samfunn Danmark er idag	Type samfunn Danmark bør vere	Type samfunn Noreg er idag	Type samfunn Noreg bør vere	Type samfunn Sverige er idag	Type samfunn Sverige bør vere
Type A: Ein liten elite på toppen, svært få midt på og svært mange på botnen.	1,6	0,7	2,7	0,4	4,6	0,2
Type B: Eit samfunn som ser ut som ein pyramide, med ein liten elite på toppen, fleire midt på, og flest på botnen.	13,2	3,8	9,4	2,2	22,1	3,9
Type C: Ein pyramide, bortsett frå at det er få heilt på botnen.	26,5	12,7	24,0	9,4	30,0	9,7
Type D: Eit samfunn der dei fleste er å finne midt på.	51,4	56,2	52,5	58,9	36,7	53,4
Type E: Mange menneske nær toppen, berre få nær botnen.	4,0	26,6	8,3	29,1	3,2	32,7
Totalt	100 (N=1004)	100 (N=997)	100 (N=1283)	100 (N=1284)	100 (N=1587)	100 (N=1551)

Mot denne bakgrunnen kan maktutgreiingane også lesast som del av eit *for-svar* for eit egalitært samfunn. For ved å kartlegge maktilhøva i eit samfunn, gjev ein samstundes ei skildring av det ein måtte oppfatte er dei sentrale hierarkia i det same samfunnet. Men noko overraskande kan ingen av dei fire tidlegare maktutgreiingane seiast å ha gjennomført systematiske analysar nettopp av samhengane mellom makt og ulikskap. Det er kanskje det mest paradoksale med dei tidlegare prosjekta. Ei ny maktutgreiing bør bøte på dette, og ta nettopp desse samhengane som utgangspunkt. Ei ny kartlegging av maktrelasjonar i Skandinavia bør derfor i like høg grad vere ei «Makt- og ulikskapsutgreiing» som ei «Makt- og demokratiutgreiing».

« Men noko overraskande kan ingen av dei fire tidlegare maktutgreiingane seiast å ha gjennomført systematiske analysar nettopp av samhengane mellom makt og ulikskap. Det er kanskje det mest paradoksale med dei tidlegare prosjekta »

Makt og økonomisk ulikskap.

Nyare analysar av økonomiske skeivfordelingar understrekar det naudsynte i dette. Medan GINI-koeffisienten for *inntektsulikskap* både i Noreg og Sverige er mellom dei lågaste i verda, der verdien for begge er $<.27$, stiller dette seg annleis om ein i staden analyserer *formuesulikskapen*. I motsetnad til det mange truleg ville vente, er begge desse skandinaviske landa blant dei med den sterkaste skeivfordelinga av økonomisk formue, med koeffisientverdiar $>.8$ for både Noreg og Sverige (Pfeffer og Waitkus, 2021). Konsentrasjonen av rikdom eller formue er også sterk. Dei 5 prosent rikaste kontrollerer meir

enn enn 40 prosent av all rikdom. Analysar av norske data finn også at sammenhengen mellom klassebakgrunn og økonomisk ulikskap har auka jamnt sidan 1990-talet (Hansen og Toft, 2021). Resultat som dette utfordrar ikkje berre framtida til det som lenge har vore omtalt som ein skandinavisk eksepsjonalisme; at ein omfordelende og utjamnande velferdsstat maktar å redusere den sosiale ulikskapen. Dei siste ti-åra har trenden vore den motsette; at den økonomiske ulikskapen har auka. Det kan også resultere i redusert legitimitet for skandinaviske økonomiske elitar og i ei langt sterkare politisk polarisering enn det som har vore vanleg i tiåra etter 2. verdskrig.

◀◀ **Med aukande konsentrasjon av økonomisk kapital følgjer også ein aukande konsentrasjon av økonomisk makt. Og når denne makta går i arv frå ein generasjon til den neste, vil maktrelasjonane ta form av dynastiske strukturar**

Med aukande konsentrasjon av økonomisk kapital følgjer også ein aukande konsentrasjon av økonomisk makt. Og når denne makta går i arv frå ein generasjon til den neste, vil maktrelasjonane ta form av dynastiske strukturar. Dette har lenge vore eitt av kjenneteikna ved den svenske kapitalismen (jf. Björklund, Roine og Waldenström, 2012), men som Hansen sine arbeid viser, har arv som primærveg til store formuer vorte jamnt viktigare også i Noreg (Hansen, 2014). Denne trenden er neppe unik for Noreg. I ei ny maktutgreiing bør også slike relasjonar gjerast til gjenstand for analyse, slik at omfanget av intergenerasjonell reproduksjon og også, og ikkje minst, nettverka si utstrekning, vert kartlagt. På kva måtar ligg dynastiske strukturar til grunn for, og på kva måtar er dei vevde inn i, eksisterande maktrelasjonar? Har dette endra seg over tid, og i så fall med kva konsekvensar? På kva måtar heng slike nettverk saman med makta over, og nettverka mellom store verksemder, jf. Martin Jes Iversen sin artikkel? Er det snakk om separate, parallelle, eller delvis overlappande nettverk? Korleis er eigarskapet strukturert? Artikkelen til Poulsen og Skovrind Pedersen tek opp dette viktige spørsmålet, men kva skil den danske utgåva av kapitalismen frå dei enn finn i Noreg og i Sverige, både historisk og i samtida? Langs kva dimensjonar er den lik og langs kva dimensjonar er den ulik? Korleis skil den danske avtalemodellen seg frå den norske og den svenske, og med kva konsekvensar, jf. artikkelen til Høgedahl og Lyhne Ibsen? Kva kan dette fortelje oss både om det universelle og det samfunnsspesifikke ved danske makttilhøve, og om sammenhengen mellom desse to typane faktorar? Ein tydeleg komparativ dimensjon, slik ein td. finn det artikulert i samfunns-effekttilnærminga (sjå td. Maurice og Sorge, 2000), har dessverre mangla i dei førre maktutgreiingane. Også det vil ein tene på å inkludere når makttilhøva på nytt skal under lupa.

◀◀ «Pantouflage à la scandinave»?

Eit døme på dette kan vere det som i Frankrike vert kalla «pantouflage»; at kandidatar frå «Grandes Écoles», og då særleg frå den nasjonale adminis-

trasjonshøgskulen ENA og/eller École polytechnique, etter ei tid i offentleg sektor går over til å verte høgt gasjerte leiarar i det private (sjå elles Hartmann, 2006). Denne forma for elitesirkulasjon kan synast lite utbreidd utanfor Frankrike og Japan (sjå td. Colignon og Usui, 2003). Men den etter kvart omfattande individ-sirkulasjonen ein i dag finn mellom stillingar i politikken, i mediene, friviljuge organisasjonar (NGOs) og stillingar i lobbyfirmaer, rådgjevingsselskap og tenketankar, gjer det nærliggande å spørje om ikkje dette fenomenet er eit uttrykk for «pantouflage à la scandinave»; at den forma for sosial kapital som kun kan akkumulera i det politiske feltet, den *politiske* kapitalen, let seg «veksle inn» i økonomisk kapital etter at ein forlet politikken (sjå Hjellbrekke og Korsnes, 2003). Sjølv om utforminga er ei anna enn den ein finn i Frankrike, er det uttrykk for det same underliggande fenomenet; sirkulasjon i elitesirkular. «Inngangsbillettane» kan vere ulike, men i begge tilfeller er det snakk om lukningsmekanismer med potensielt store konsekvensar. Når rådgjevarmakta skal analyserast (jf. Christensen og Stausholm sin artikkel), kan dette vere av stor betydning. For det ein i verste fall er ein vitne til, er at tidlegare politikarar gjer bruk av sin kunnskap og sine nettverk på måtar som *svekkar* demokratiet.

Relasjonar som dette aktualiserer samstundes den rolla som tenketankar har fått, ikkje berre i USA, men etter kvart også i Skandinavia. Som analysen til Medvetz (2012) har vist, utgjer desse eit interstitielt felt, der kunnskapsformer og kapitaltypar frå ulike felt vert kombinerte. På denne måten, og gjennom å trekke vekslar på den legitimiteten dei ulike kapitaltypene kan gje, har tenketankane lukkast med å engasjere politiske, intellektuelle, økonomiske og kulturelle aktørar i maktfeltet. Slik har dei også greidd å innta ein formidlande og formande posisjon i utforminga av amerikansk politikk (Medvetz, 2012). På starten av 1990-talet var desse institusjonane få i antal og truleg relativt marginalt plasserte i maktfeltet i dei skandinaviske landa. I dag, 30 år seinare, er talet på dei mangedobla, og makta deira uomtvisteleg. Gjev td. den norske, liberalistiske tenketanken «Civita», som primært er finansiert av Næringslivets Hovedorganisasjon (NHO), ut ein rapport, er den så og seie garantert medieoppslag. Gjennom eigne program, som td. «Civita-akademiet», vert framtidige rikspolitkarar ideologisk skulerte. Institusjonar som dette har i dag heilt klart makt til å setje dagsorden for politiske debattar; om ikkje dei inngår i settet av aktørar som har «magt bak mediene», høyrer dei definitivt til i settet av aktørar som har «magt i og omkring mediene» (jf. artikkelen til Willig og Blach-Ørsten). Trass i dette manglar det framleis ei systematisk kartlegging av aktørane og opposisjonane i dette interstitielle feltet, av nettverka dei er vevde inn og ikkje minst av korleis makta deira kjem til uttrykk (men sjå Steinsbekk, 2018 for ein første norsk analyse). Ein analyse som lukkast med å kombinere dette med ein analyse av lobbyfirmaer si verksemd og sine posisjonar i maktfeltet (jf. artikkelen til Binderkranz), vil kunne gje svært verdifulle innsikter om prosessar i det politiske feltet.

Makt, kulturell kapital og sosial mobilitet

Makt og ulikskap handlar også om livssjansar, om sosial mobilitet og med det også om klasseskiller; om dei utsiktene ein har, gjeve utgangspunktet ein står i i hierarkiske sosiale strukturar, til å kunne tileigne seg og å kunne få del i allment ettertrakta goder, og om vilkåra for å kunne delta i sentrale prosessar og på viktige samfunnsarenaer. Svært mange studiar har vist at kjønnsforskjellane i så måte har vore store, ikkje minst i høve til tilgangen til topposisjonar. I det norske maktfeltet kunne i tillegg tre klynger av «elitekvinner» identifiserast; ei klynge av lågt utdanna «outsiderar» og «nykomarar», oftast å finne i politikken og i organisasjonar, ei klynge av «meritokratar», dvs. høgt utdanna kvinner i justisvesen, embetsverk og forskning, og ei klynge av «arvtakarar», som var overrepresenterte i kultursektoren, i NGO-ar og mediesektoren (Hjellbrekke og Korsnes, 2016). Kjønns- og minoritetsmakt omhandlar følgjeleg ikkje berre den skeivfordelte tilgangen til posisjonar i dansk næringsliv, og makt mellom kjønna og mellom minoritets- og majoritetsbefolkningen (jf. artikkelen til Muhr og Nørgaard Just), men også om både *kjønnsinterne* og *minoritetsinterne* skillelinjer. Kva kjenneteiknar karrierane til dei frå underrepresenterte kategoriar og grupperingar som faktisk lukkast i å oppnå mektige posisjonar i det danske samfunnet, og gjennom kva kanalar har denne sosiale mobiliteten primært funne stad? Kor sterkt er innslaget av sosial reproduksjon, og kva fortel dette oss om lukningsmekanismane i det same samfunnet?

◀◀ **Dei ulike maktutgreiingane har lagt klart sterkare vekt på politisk og økonomisk makt enn på kulturell makt og kulturelle og symbolske dominanssystem. Dette er ein alvorleg mangel, og ein som ikkje bør repeterast i eit nytt forskingsprosjekt om makttilhøva i Danmark**

Meir enn 50 år med forskning på sosial mobilitet har vektlagt utdanningssystemet sin sentrale rolle som mobilitetskanal. Men utdanningssystemet er samstundes ein distributør av det den franske sosiologen Pierre Bourdieu (1930-2002) omgrepsfesta som institusjonalisert kulturell kapital (Bourdieu, 1986); kulturell kapital i form av utdanningskapital, utstyrt med ein institusjonell garanti og ryggdekning, og med det også sertifisering. Men som artikkelen til Prieur og Skjøtt-Larsen påpeikar, har dei ulike maktutgreiingane lagt klart sterkare vekt på politisk og økonomisk makt enn på kulturell makt og kulturelle og symbolske dominanssystem. Dette er ein alvorleg mangel, og ein som *ikkje* bør repeterast i eit nytt forskingsprosjekt om makttilhøva i Danmark.

Samstundes vil det vere problematisk å simpelthen kopiere det Bourdieu i si tid gjorde i sine analysar i Frankrike. Ein opplagt grunn til det er det sterkt auka utdanningsnivået i folket. Høgare utdanning er ikkje lenger primært reservert for ein elite, og med eit langt høgare generelt utdanningsnivå vil verdien av kulturell kapital i form av utdanningskapital kunne vere redusert. To spørsmål som melder seg er derfor kva verdien av den kulturelle kapitalen er i

dag, samanlikna med det den var for nokre tiår sida? (Coulangeon, 2021) Og kva er kulturell kapital i dag (sjå td. Prieur og Savage, 2013, Prieur, Rosenlund og Skjøtt-Larsen, 2008)? Og på kva måtar ligg kulturell kapital til grunn for makt i Danmark av i dag? Kva former for makt er det snakk om, og korleis heng desse saman med livssjansar, oppfatningar av den sosiale verda og av skillelinene i denne? Desse problemstillingane, som Prieur og Larsen og tek opp i sin artikkel, omhandlar også det som bl.a. Lukes (op. cit) har omtalt som dominansrelasjonar. Ein maktanalyse som ikkje også søkjer å kartlegge slike relasjonar, vil verte mangelfull. Om ikkje, vil ikkje vedvarande relasjonar av over- og underordning kunne gripast på fullgode måtar.

Makt i nettverk

Endeleg, og i tillegg til dette, har dei tidlegare maktutgreiingane i for liten grad fokusert på den makta som ligg i nettverksrelasjonar – i det ein med utgangspunkt i arbeida til Bourdieu (1986), Ronald Burt (2005) eller Nan Lin (2002) kan omgrepsfeste som sosial kapital-relasjonar. Også dette må omtalast som ein alvorleg mangel. I den andre norske maktutgreiinga var det kun mogleg å gjennomføre avgrensa analysar på eit eliteutval, og då med fokus på eliteintergrasjon og elitesegmentering gjennom personleg og arva sosiale kapital (sjå td. Hjellbrekke og Korsnes, 2005). Sjølv om desse analysane kunne gje innsikter om korleis sosial kapital har potensiale for å fungere som ein multiplikator på dei andre kapitaltypane (sjå Denord o.a., 2011), måtte analysen likevel bli delvis og ufullstendig. Ein meir heilskapleg analyse av korleis sosial kapital både er strukturert langs klassegrenser, og med det kan forsterke eksisterande klasseskiller, samstundes som den verkar til å skape klasse- og profesjonsinterne forskjellar, vil kunne framskaffe eit langt meir persist kart over maktreasjonar, ulikskap og segmentering i eit gjeve samfunn (sjå td. Alecu o.a., 2022). Analysar av norske data viser td. at juristar med juristforeldre har langt høgare inntekter enn det førstegenerasjonsjuristar har (Hansen, 2014). Det er nærliggande å sjå dette dels som eit produkt av arva nettverkskontaktar; er familienamnet kjent i feltet, vil det kunne åpne dører til lukrative posisjonar – dører som langt oftare er og forblir stengde for feltnykomarar. Å inkludere ein slik analytisk dimensjon vil også kunne utdjupe dei funna som er omtalte i artikkelen til Hammerslev; at dei danske domstolane let seg ordne hierarkisk ut frå dommarene sine volum av nettopp sosial kapital, og at den danske juridiske profesjonen også langs denne dimensjonen er klart intert differensiert.

Eit dansk maktfelt?

Maktutgreiingar har som oftast både som mandat og mål også å seie noko om korleis makta er fordelt *på tvers* av sektorar og strukturelle skilleliner. Ein del av oppdraget vert derfor er å også gjennomføre ein syntetiserande analyse. Korleis dette vert gjort, vil av opplagde årsaker vere avhengig av forskarane sine teoretiske og metodologiske innfallsvinklar. Som nemnt i innleiinga er samfunnsvitskapane fleirparadigmatiske vitskapar. På same måte som det vil

rå strid om korleis makt kan og bør analyserast, vil det råde strid om korleis makta i samfunnet sett under eitt kan gripast.

Eit alternativ, forankra i ei relasjonell forståing av makt, er å konstruere eit maktfelt; feltet der agentar i dominerande posisjonar engasjerer seg, og også vert engasjerte i stridar om maktrelasjonar *internt* i eit felt, og også i stridar om maktrelasjonar og -hierarki *mellom* ulike felt (sjå td. Hjellbrekke og Korsnes, 2009). Dette krev at makt vert analysert nettopp som eit *relasjonelt* fenomen. Korleis kjem makt til uttrykk i sosiale relasjonar og i relasjonar mellom posisjonar – og med kva konsekvensar for dei involverte partane og posisjonane?

Ein slik analyse vil ikkje vere uttømmende, og kan heller ikkje gjere krav på å vere autoritativ. Men ein klar fordel med denne innfallsvinkelen er at ein også må relatere makt og ulikskap i toppen av eit hierarki til maktstrukturar i samfunnet meir generelt; makt vert analysert og forstått som innvevd i meir generelle dominans- og klassestrukturar, og derfor også som ein nøkkelproblematikk i nesten ein kvar samfunnsvitskapleg analyse. For som Max Weber (1971 [1922]: 73) så presist formulerte det i si klassiske drøfting av makt og herredømme:

»Sant nok er ikke alle sosiale relasjoner herskeforhold. Men i de fleste former for sosialt samkvem, selv der hvor man ikke straks tenker på det, spiller nok herredømme en meget viktig rolle.»»

Noter

- 1 Takk til Olav Korsnes for gode innspel til denne teksten.

Referansar

- Alecu, A.I., H. Helland, Håvard, J. Hjellbrekke og V. Jarness (2022), "Who you know: The classed structure of social capital", *British Journal of Sociology*, 73.(3): 505-35.
- Björklund, A., J. Roine og D. Waldenström (2012), "Intergenerational top income mobility in Sweden. Capitalist dynasties in the land of equal opportunity?" *Journal of Public Economics*, 96(5-6): 474-84.
- Bourdieu, P. (1986), "The Forms of Capital", i Richardson, J., red., *Handbook of Theory and Research for the Sociology of Education*, Westport, CT: Greenwood, pp. 241-58.
- Burt, R. (2005), *Brokerage and Closure. An Introduction to Social Capital*, Oxford: Oxford University Press.
- Coleman, J.C. (1990), *Foundations of Social Theory*, Cambridge: The Belknap Press of Harvard U.P.
- Colignon, R. og C. Usui (2003), *Amakudari. The Hidden Fabric of Japan's Economy*, Ithaca: Cornell University Press.
- Coulangeon, P. (2021), *Culture de masse et société de classe. Le goût de l'altérité*, Paris: Presses universitaires de France.
- Denord, F., J. Hjellbrekke, O. Korsnes, F. Lebaron. og B. Le Roux (2011), "Social capital in the field of power: the case of Norway", *The Sociological Review*, 59(1): 86-108.
- Emerson, R.M. (1962), "Power-Dependence Relations", *American Sociological Review*, 27(1): 31-41.
- Goldthorpe, J.H. (2016), *Sociology as a Population Science*, Cambridge: Cambridge University Press.
- Hansen, M.N. (2014), »Økende makt i økonomiske eliter?«, i O. Korsnes, M.N. Hansen og J. Hjellbrekke, red., *Elite og klasse i et egalitært samfunn*, Oslo: Universitetsforlaget, pp.106-25.
- Hansen, M.N. og Toft, M. (2021), "Wealth Accumulation and Opportunity Hoarding: Class-Origin Wealth Gaps

- over a Quarter of a Century in a Scandinavian Country! *American Sociological Review*, 86(4): 603-38.
- Hartmann, M. (2006), *The Sociology of Elites*, London: Routledge.
- Hjellbrekke, J. og O. Korsnes (2003), *Det norske maktfeltet: Interne strukturar, homogamitendensar, mobilitetsbaner og –barrierar i norske elitar*, Rapport nr. 71, Makt- og demokratiutgreinga sin rapportserie, Oslo: Unipub forlag.
- Hjellbrekke, J. og O. Korsnes (2005), "Sosial kapital-strukturar i norske elitar", *Tidsskrift for samfunnsforskning*, 46(4): 467-502.
- Hjellbrekke, J. og O. Korsnes (2009), »At studere magtfeltet«, i O. Hammerslev, J. A. Hansen og I. Willig, red., *Refleksiv sosiologi i praksis*, København: Hans Reitzels forlag, pp.147-70.
- Hjellbrekke, J. og O. Korsnes (2012), *Sosial mobilitet*, Oslo: Det norske samlaget.
- Hjellbrekke, J. og O. Korsnes (2016), "Women in the Field of Power", *Sociologica. Italian Journal of Sociology Online*, 10(2).
- Lin, N. (2002), *Social Capital. A Theory of Social Structure and Action*, Cambridge: Cambridge University Press.
- Lukes, S. (2005), *Power. A Radical View*, 2. udgave, Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- Maurice, M. og A. Sorge (2000), *Embedding Organizations*, Amsterdam/Philadelphia: John Benjamins Publishing Company.
- Medvetz, T. (2012), *Think Tanks in America*, Chicago: Chicago University Press.
- Pfeffer, F.T. og N. Waitkus (2021), "The Wealth Inequality of Nations", *American Sociological Review*, 86(4): 567-602.
- Prieur, A., L-Rosenlund og J. Skjøtt-Larsen (2008), "Cultural Capital Today: A Case Study from Denmark", *Poetics*, 36(1): 45-71.
- Prieur, A. og M. Savage (2013), 'Emerging Forms of Cultural Capital', *European Societies*, 15: 246-67.
- Steinsbekk, G. (2018), »Policyprofesjonelle i Norge. En analyse av tenketanker, PR-byråer og regjeringsrådgivere og deres påvirkningsmuligheter«, *Norsk sosiologisk tidsskrift*, 2(5): 401-20.
- Weber, M. (1971 [1922]), *Makt og byråkrati*, Oslo: Gyldendal.